



Masfjorden kommune
v/Svein-Helge Hofslundengen
Austfjordvegen 2727
5981 Masfjordnes

Sløvåg, 04.06.2019

Søknad om auka tilskot – Gulen og Masfjorden Utvikling as.

Kort om GMU:

Gulen og Masfjorden Utvikling as er eit felles næringsapparat for regionen som jobbar generelt for å auke næringsaktiviteten over heile regionen. I dag er det naturleg å sjå Gulen og Masfjorden som som ein felles bu- og arbeidsregion der auken i tal arbeidsplassar og aktivitet må sjåast på som eit gode for heile regionen.

GMU har si forankring i industriområdet i Sløvåg, og i starten var denne forankringa svært viktig for å kunne skape ringverknader i form av styrking av underleverandørar og tenestetilbydarar i begge kommunane. Industrien vil også i åra framover vere ein motor for etablering av nye arbeidsplassar då mange av dei nye satsingane er knytt opp mot eksisterande næringsliv. I seinare år har GMU i større grad fokusert på andre næringar og andre delar av regionen, bl.a. har eit større prosjekt vore gjennomført langs aksa Matre-Oppedal-Brekke, og ein opplever no at GMU er ein naturleg stad å starte uavhengig av kvar ein planlegg å etablere verksemda si.

Søknad om auke i tilskotsbeløp.

I samband med budsjetthandsaming for Masfjorden kommune og Kraftfondet for 2020, ser Gulen og Masfjorden Utviklingsselskap as (GMU) det som naturleg å komme med nokre innspel med omsyn til tilskotsordning for verksemda.

GMU søkte tilbake i 2012 om auka tilskot frå eigarkommunane, men fekk i den runden negativt svar frå Masfjorden kommune, jmf KS-106/12. Tilskotet har i ettertid ikkje vore regulert i det heile. I mellomtida har både auka aktivitet og generell prisauke påverka utgiftsnivået i verksemda.


GMU har gjennom fleire år vore avhengig av prosjektmidlar frå lokale næringsfond, samt salsinntekter utover finansiering frå ordinære tilskot frå kommunane. Dette medfører at drifta i dag er å sjå på som underfinansiert.

I denne samanhengen kan det vere grunn til å stille spørsmål ved om arbeidet med å skaffe inntekter tek for mykje fokus frå det som er hovudoppgåva til eit utviklingsselskap. Det kan også skape grobottar for konflikttar med private verksemdar som har dette som forretningsidè.

Siste åra har GMU hatt ansvar for gjennomføring av oppgåver som tidlegare låg til samfunnsutviklar i kommunen. Døme på dette er innovasjonscamp for 9.klassingane som har vore ein suksess, men som krev mykje ressursar i form av planlegging og gjennomføring.

Drifta av GMU er svært nøktern, og ein er svært forsiktig med kva aktivitetar ein set i gang og kva arrangement ein deltek på. Dette har medført reduserte driftsutgifter frå 2018 til 2019 trass i at -19 er første år med full lønnsutbetaling til noverande dagleg leiar. *

Me konkluderer ut i frå dette med at det ikkje er urimeleg å be om ein auke på kr. 100 000 frå og med budsjettåret 2020. Verksemda vil sjølv ved ein slik auke framleis vere underfinansiert dersom ein legg aktivitet som i dag til grunn, men verksemda vil vere noko mindre avhengig av kapitalinntekter og salsinntekter.


.....
Styrelleiar


.....
Dagleg leiar